



Seim Eiendomsutvikling AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3273 - 17/16225

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

04.07.2017

Avslag på søknad om mellombels lagring av massar - gbnr 172/26 m.fl. Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 256/17

Tiltakshavar: Seim Eiendomsutvikling AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om mellomlagring av sprengt stein på eigedom gbnr 172/26 innanfor område BF1 i reguleringsplan for Sjøvold som er under arbeid.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå plankrav i arealdelen i kommuneplanen for Lindås kommune 2011-2023.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.10.16 og supplert 17.11.16, 17.01.17, 27.01.17 og 07.02.17

Søknaden vart godkjent i vedtak datert 10.02.17. Vedtaket vart påklaga av Statens vegvesen den 21.02.17.

På bakgrunn av innsendte klage har Lindås kommune gjort ei ny vurdering og tek klagen til følgje. Med heimel i fvl § 33 2.ledd vert Lindås kommune sitt vedtak datert 10.02.2017 omgjort.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustad.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Statens vegvesen ga uttale i brev datert 11.10.16.

Klage:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Klage på vedtak om løyve til mellombels lagring av sprengt stein

Om saksgangen

Statens vegvesen uttala seg til saka i brev datert 11.10.2016. Uttalen gav vi på bakgrunn av ein førespurnad frå søkjar. Som vedlegg til førespurnaden følgde det kopi av e-post frå Lindås kommune til søkjar (22.09.2016) der det mellom anna stod: «*Ved mellomlagring må eventuell avkjørsel til området avklarast med Statens Vegvesen*».

I vedtaket vi har fått tilsendt kopi av frå Lindås kommune har kommunen handsama saka som ein dispensasjon frå plankrav i arealdelen i kommuneplanen for Lindås kommune 2011–2023. Vedtaket inneheld ikkje vilkår om avklaring av avkøyrlesaka.

Eigedomen saka gjeld er i følgje matrikkeldata per i dag ein bustadeigedom. Eigedomen er uregulert. Etablering av mellombels lager for stein som omsøkt vil derfor vere avhengig av løyve til utvida/endra bruk av avkøyrsløype, jmfør veglova § 40.

Det er etter Statens vegvesen si vurdering ein sakshandsamingsfeil at det i vedtaket ikkje er sett vilkår om at det må føreliggje avkøyrsløype frå Statens vegvesen før det kan gjevast igangsetjingsløyve til omsøkt tiltak.

Vi viser til plan- og bygningslova §§ 21–4 og 21–5 der det mellom anna står (vår understreking):

Igangsettingstillatelse kan ikke gis før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort samt eventuelle tillatelser fra andre myndigheter foreligger, jf. § 21–5 første ledd.

(...)

Når tiltaket er betinget av tillatelse eller samtykke fra annen myndighet, eller når planer for tiltaket skal legges fram for slik myndighet, kan kommunen vente med å avgjøre saken inntil det foreligger avgjørelse eller samtykke som nevnt. Kommunen kan også gi rammetillatelse innenfor sitt myndighetsområde, med forbehold om at igangsettingstillatelse ikke vil bli gitt for forholdet til andre myndigheter er brakt i orden, jf. § 21–4 fjerde ledd. Kommunen skal i tilfeller som nevnt forelegge saken for de myndigheter som følger av forskrift, hvis ikke avgjørelse eller uttalelse er innhentet på forhånd.

Vurdering av saka

I uttalen datert 11.10.2016 vurderte Statens vegvesen avkøyrsla og dei trafikale tilhøva rundt den. Vi skreiv m.a.:

For at Statens vegvesen skal kunne akseptere at det vert gjeve løyve til transport av stein fram til området BF1 i reguleringsplanen for Sjøvold må det gjennomførast tiltak i eksisterande kryss mellom fylkesveg 402 og Lurevegen som oppfyller krava til teknisk utforming i samsvar med handbok N100.

I tillegg må det sikrast tilfredsstillande kryssing for mjuke trafikantar av fylkesveg 402 ved krysset med Lurevegen slik at mjuke trafikantar ikkje må krysse i det utflytande kryssområdet. For å få det til må fortauet langs Lurevegen forlengast 15–20 meter langs austsida av fylkesveg 402.

Då fylkesveg 402 og krysset mellom fylkesveg 402 og Lurevegen ikkje er bygd i samsvar med godkjend reguleringsplan for Seim skule må det søkjast Lindås kommune om dispensasjon frå godkjent reguleringsplan for å kunne gjennomføre naudsynte tiltak i krysset mellom fylkesveg 402 og Lurevegen.

Dersom desse tiltaka ikkje vert gjennomført kan Statens vegvesen ikkje tilrå at det vert gjeve løyve til transport av steinmasser inn til område BF1 i framlegg til reguleringsplan for Sjøvold.

Vi vil på nytt framheve at avkøyrsla slik den ligg i dag ikkje har ei teknisk utforming som legg til rette for at den skal nyttast for tilkomst til eit lagerområde for stein. Slik bruk av avkøyrsla vil krevje vesentlege utbetringar, mellom anna av svingradius som i dag ikkje er tilpassa store køyrety.

Når det gjeld dei trafikale tilhøva i kryssområdet elles, har Statens vegvesen særleg framheva behovet for å legge betre til rette for mjuke trafikantar. Fortauet langs Lurevegen må etter Statens vegvesen si vurdering forlengast fram til fylkesvegen, med tilrettelegging for kryssing over til fortauet på sørsida av fylkesvegen, som går vidare til m.a. Seim skule.

Den delen av saka som ikkje gjeld avkøyrsløyve, omhandlar auka trafikk med større køyrety i eit kryssområde som ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikantar. Langs fylkesvegen er det om lag 200 meter å gå frå avkøyrsla til Seim skule. Dette er såleis eit område der det er særleg viktig å sikre trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

Kommunen grunngjev dispensasjonen frå plankravet med at reguleringsplan for området er under arbeid og planlagt ferdigstilt i næraste framtid. Når det gjeld krav om opparbeiding av kryss i samsvar med detaljregulering for Seim skule, meiner kommunen at dette må gjerast gjennom den pågåande planprosessen og ikkje gjennom ei enkeltsak for midlertidige tiltak.

Statens vegvesen deler ikkje desse vurderingane. At det pågår eit planarbeid i området ivaretek ikkje trafikktryggleiken i praksis. Det er først når tiltaket er gjennomført, ferdig bygd, at ein reguleringsplan ivaretek trafikktryggleiken. Den type trafikk som eit mellombels lager for stein vil innebere, krev etter vår vurdering tiltak for å betre trafikktryggleiken for både køyrande og mjuke trafikantar. Alternativt må omsøkt tiltak som gjeld mellomlagring av stein avvente reguleringsplanarbeidet, og gjennomføringa av opparbeidinga av krysset.

Dersom omsøkt tiltak skal igangsetjast før reguleringsplanen for området er vedteken, må utbetringar av avkøyrsla avklarast med Statens vegvesen. Betre tilrettelegging for mjuke trafikantar i kryssområdet, ved at fortauet vert forlenga som omtala ovanfor, må etter vår vurdering vere eit vilkår i eit eventuelt rammeløyve i saka.

Konklusjon

Statens vegvesen klagar på løyvet som er gjeve og krev at vedtaket vert oppheva. Eit eventuelt nytt vedtak i saka må innehalde vilkår om at det ikkje kan gjevast igangsetjingsløyve til omsøkt tiltak før

- avkøyrsløyve frå Statens vegvesen ligg føre
- fortauet langs privat veg Lurevegen er forlenga fram til fylkesvegen og det er tilrettelagt for at mjuke trafikantar kan krysse over til fortauet på motsett side av fylkesvegen

VURDERING:

Avkøyrsløyve til offentlig veg

Statens vegvesen har sett krav om at det må ligge føre avkøyringsløyve før det kan gjevast løyve til mellomlagring av sprengt stein, jf. pbl § 27-4.

Sidan det ikkje ligg føre avkøyringsløyve kan kommunen ikkje gje løyve til tiltaket. Søknad om mellombels lagring av sprengt stein

VEDTAK:

Søknad om mellombels lagring av massar vert avslått då det ikkje ligg føre avkøyringsløyve, jf pbl § 27-4.

•

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3273

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------

Mottakarar:

Seim Eiendomsutvikling AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
---------------------------	--------------	------	------